

Fra: Hallvard Oppedal [<mailto:Hallvard.Oppedal@gulen.kommune.no>]

Sendt: søndag 4. desember 2016 13:36

Til: Tore Eriksen <Tore.Eriksen@sfj.no>; Jenny Ellaug Følling <jenny.folling@sfj.no>

Kopi: Lars Hellandsjø (lars@kvantum.as) <lars@kvantum.as>; Trude Brosvik <Trude.Brosvik@sfj.no>; Reidun Halland <Reidun.Halland@gulen.kommune.no>

Emne: Søknad om tilskot til ny veg Skipavika.

Til

Fylkesrådmann

Fylkesordfører

Eg ser det ligg eit notat til fylkesutvalet den 5.des ang. ny veg til Skipavika.

Dette er ei oppfølging av vedtak i finansutvalet den 28.09.2016 der utvalet ber om ei avklaring av dei juridiske problemstillingane kring søknaden om tilskot.

Ser at det vert påpeika at kjøp av tenester knytt til bygging av fylkesveg må skje i tråd med offentleg anskaffelse og fylkeskommunen sine retningslinjer.

Det er klart at dette må skje innanfor det som er lovleg, og gjeldande retningslinjer, og kommunen, i saman med Skipavika Næringspark kan legge dette ut på Doffin for å imøtekomme dei krav som vert stillt.

Det som er viktig no, er at løyvingane frå fylkeskommunen kjem på plass i budsjettet, og så får vi i samarbeid finne ut korleis vi løyser bygginga innanfor regelverket.

Eg ser også at det vert reist spørsmål om momsen, men der er det klare reglar der private kan bygge ut, og det offentlege kan overta etterpå, og få att momsen over ein 10-årsperiode,justeringsrett/plikt.

Eg vonar fylkestinget fyl opp vedtak som er gjort i Samferdselutvalet og i finansutvalet, og løyver dei 6 mill. som er fylkeskommunen sin del av dette spleiselaget.

Med venleg helsing

Hallvard Oppedal

Ordfører

Tlf: 57782002 Mob: 41513958

Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 EIVINDVIK

Tlf: 57782000 www.gulen.kommune.no

Ny informasjonsbrosjyre for Gulen:

http://www.visbrosjyre.no/gulen_kommune/WebView/

